

---

**Fra:** May <mhundvin@yahoo.no>  
**Sendt:** mandag 24. september 2018 22:22  
**Til:** Postmottak Lindås; Øystein Aadland  
**Emne:** Landbrukssak Gbnr 56/14 - Hundvin. Produksjons og avløysartilskot 2017

Den 08.08 mottok vi førehandsvarsel om feil i søknad om tilskot for 2017 og melding om konsekvensane av dette. Vi gav tilsvar på dette den 27.08. Vi fekk så vedtak om at for mykje utbetalt tilskot skulle betalast tilbake dagsett 03.09. I vårt brev av 27.08 gjorde vi greie for at vi fleire gangar hadde påpeika at feil i søknad måtte rettast oppatt, og at vi hadde fått stadfesta at dette var blitt gjort. I saksutgreiinga frå kommunen kjem det fram at søknadsskjema og endringane der kunne vere vanskeleg å forstå. Kommunen gjer likevel vedtak om å kreve for mykje utbetalt tilskot tilbake, då dei meiner at vi ikkje har vore aktsame nok, og burde forstått at vår utbetaling var for høg. Vi meiner framleis at feil gjort av etaten ikkje kan leggjast oss til last, og klagar såleis på vedtak om krav om tilbakebetaling. Sjå også brevet vårt av 27.08.2018. Med helsing May Hundvin og Kjell Ølnes Sendt fra min iPhone